



Referat frå møte i Hardanger kulturråd, mandag 18.02.19 kl 1000 – 1400 i Kinsarvik

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune

Mary Ann Sørheim, Kvam herad

Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Ingvild Ystanes, Ullensvang herad

Arnved Lund, Jondal kommune

Forfall:

Else Marie Sandal, Odda kommune

Olav Seim, Granvin herad

Gjester:

Åsmund Aarvik, leiar Hardanger Kunstlag

Johild Mæland, Hardanger kunstlag med ansvar for Hardanger Berlin

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under sak 7 ymse.

- DESTINO : Alle Hardangerkommunane var med. Kvam har meld seg ut.
- Når det gjeld aktivitetskalender i Hardangerregionen så er det tilbud frå Frivilligsentralen i Odda å senda ut ”oppskrift” til alle for publisering på plattformen ”Kva skjer i kulturen?”
- Eidfjord kommune er svært fornøgde med Appyard, med over 700 medlemmer.

2. Kulturregionen Hardanger. Må vera meir enn fasade.

Mykje står stille i påvente av nye kommunar frå 1.1.2020.

Alle har oppgåver og fokus på sin kommune, og det er ikkje mogleg å engasjera seg i det som skjer i andre kommunar, men ein føl med og deltek så langt ein kan.

Lisbeth gjekk gjennomgang presentasjon frå kulturminnefondet på Røros (Vedlegg)

I Hardanger er stoda for kulturminneplan i kommunane slik:

- Ulvik ferdigstiller no.
- Jondal har plan frå 2008.
- Ullensvang er igang med plan, men mykje står igjen.
- Odda har ein god oppdatert plan.
- Eidfjord har no oppstart med mål om ferdig plan januar 2020

(På Røros hadde dei felles kulturminne og kommunedelplan for aktivitet og friluftsliv. Det er ei god løysing for dei.)

Kulturminnefondet ynskjer å koma til Hardanger å møta folk. Dei tilbyr også å gå på synfaring dagen før dei har møte.

Hardanger kulturråd er svært positive til ein slik rundtur i Hardanger.

3. Kva gjer ein for å gjera kunst og kultur gode i Hardanger?

- Litt frå prosjektet: ”Kulturkraft i Hardanger” ved Ingvill. (Søknad vedlegg for nye medlemmer))

- Ynskjer å laga eige klynga for å driva kulturen fram.
- Felles arbeid med næringsliv.
 - Arbeid inn mot næringsliv og reiseliv, vil kunna opna nye dører.
 - Næringsliv og reiseliv må vera med å bidra på felles kunst. Musikk har TONO avgift, men ei slik ordning finst ikkje for kunstnarar.
 - Kan ein forflytta ansvar til næringslivet for å dekka fellesutgifter med kunst.
 - F.eks OddART, at også butikkar og bedrifter er med å finansierar dette arrangementet.
 - Kan vera viktig å styrka eldsjelene som driv mykje av kulturlivet i Hardanger på frivillig basis.

Kunstinnslag bør inn på alle møter. tekst frå Andre Bjerke!

4. Hardanger-Berlin.

Hardanger Kunstlag ynskjer at me diskuterer overtaking av Hardanger-Berlin leiligheta igjen. Åsmund Aarvik og Johild Mæland informerte og med i debatten.

Slik Hardanger -Berlin fungerar i dag er det er for mykje arbeid og ikkje tenleg at privatpersonar står personleg ansvarleg for kontrakt med store økonomiske bindingar. Kva modell kan me ha for å behalda denne ordninga? Kan me dela på oppgåvene?

Forslag er å dela oppgåvene slik:

Administrasjon - Hardangerrådet

Søknadsprosess - Alle

Vertskap - Ein kommune i Hardanger

Lobbiering - Hardanger Kunstlag.

Arbeidsgruppe for å få dette til er : Johild, Lisbeth og Trude.

Vedlegg: Søknad frå Hardanger kunstlag med rekneskap og notat frå Lærdal næringsutvikling

5. Regionalt kulturfond Hardanger - Utlysing 2019. Avtala utlysing.

- | | |
|----------------|----------|
| ★ Utlysing | 1. april |
| ★ Søknadsfrist | 1. juni |
| ★ Tildeling | 13. juni |

6. Tankar om fellesmøte med Hardangerrådet i juni?

Positive til fellesmøte med Team Hardanger, RF og Hardangerrådet.

7. Ymse

Diskusjonar

8. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

Nye Ullensvang kommune.

Håpar kulturorganisasjonen er tegna på eit kart og virksomheitsleiar er bestemt til påske. Plassert med næring og samfunn.

Odda kommune

Knud Knudsen prosjektet tar sikte på å levera ein rapport for politisk behandling til våren, for å koma vidare.



Kvam

Mykje har vore diskutert på møtet.

AK Teigland har flytta ut av Kvam bygdemuseum, og no er det Kabuso som skal drifta det.

Ulvik:

Mykje drift og planarbeid

Eidfjord

Spennande tider. 25% stilling som miljørådgjevar.

Bergljot Marie Veivåg og Lisbeth har teke innovasjonsleiring. Har allereie teke det i bruk i innovasjon på Bergslien Galleriet.

Avdelinga skal vert sterkare med fokus på utvikling. Det skjer mykje positivt i Eidfjord, og kommunen har fokus på innovasjon.

Neste møte er 20.mai 2019 i Granvin

Referat Trude L. Rinaldo

